

Midt-Telemark Museum

Eit samarbeid for å drive attraktive og effektive kulturverksemder. Stifta 7 mai 2018
Bø Museum, Bø Prestegård, Evju Bygdetun, Hørte Dampfarveris Venner og Sauherad Historielag

30. desember 2019

Til Midt-Telemark kommune
postmottak@bo.kommune.no

Kommuneplanens arealdel for Midt-Telemark kommune

Midt-Telemark Museum (MTM) vil gjerne koma med innspel til arbeidet med arealplan. Som sentrale kulturinstitusjonar meiner vi å ha eit godt grunnlag for innspelet vårt:

- Stiftarane av MTM har gjennom mange år, på kvar sin måte, drive lokalt kulturarbeid i Bø og Sauherad gjennom ulike arrangement, aktivitetar og kurs, registrering, restaurering, bevaring, forsking, publikasjonar og undervisning.
- MTM forvaltar viktige historiske bygningsmiljø i Midt-Telemark og verdifulle samlingar av hardingfeler, folkedrakter, rosemaljing, biletkunst, husflid og kunsthåndverk.
- MTM er viktige kulturmiljø og lokalhistorisk ressurs for undervisning ved skulane i Midt-Telemark og samarbeidspartnarar for fleire studiar ved USN.

Gjennom dette arbeidet er vi sterkt involvert i å ta vare på og skape grunnlag for identitetsbygging i Midt-Telemark:

Vi meiner at om vi kjenner livsgrunnlaget og historia til bygdene våre, står vi mykje sterkare i arbeidet for å skape framtidia saman.

Etter vår vurdering legg både *Samfunnsplanen* for Midt-Telemark kommune og *Interkommunal kulturminneplan* som blei vedtatt av Bø og Sauherad kommune i desember 2016, eit godt grunnlag for å bygge opp under dette.

Visjonen i Kulturminneplanen bør vera førande i denne samanhengen, og også inn i arealplanen:

Bø og Sauherad skal vere attraktive kommunar som tek vare på sin historiske identitet, gjennom sikring og formidling av kulturarven

Vedlagt er ei oppsummering av viktige element frå desse planane som etter vår vurdering må leggast til grunn for arealplanen.

Om det lar seg gjera, vi vi gjerne vera ein aktiv medspelar i utforming av relevante deler av arealplanen.

Med helsing,
Midt-Telemark Museum



Eivind Lönheim, styreleiar

Vedlegg: Utdrag frå *Samfunnsplanen* for Midt-Telemark kommune og *Interkommunal kulturminneplan*

Tiltaksplaner som vedlegg til Kulturminneplanen med likelydande punkt for Bø og Sauherad kommune som i all hovudsak gjeld fysiske kulturmiljø og kulturlandskap.

Midt-Telemark Museum

Kommuneplanens arealDEL for Midt-Telemark kommune – Innspel 30. desember 2019

Samfunnsplanen

Frå Samfunnsplanen vil vi gjerne trekke fram desse relevante punkta frå *Slik vil vi ha det* og *Slik gjer vi det* som vi meiner er viktige for arealplanen.

2.7 Midt-Telemark er ein av landets fremste kulturkommunar

- 2.7.2 Utviklar og styrker den kulturelle grunnmuren som består av bibliotek, kulturskule, kulturhus med kino, museum og aktivitet i frivillige lag og organisasjonar
- 2.7.4 Er ein aktiv og kompetent vertskommune for lokale og regionale kulturinstitusjonar og –arrangørar.
- 2.7.5 Tar vare på historisk identitet gjennom sikring og formidling av kulturarven.

Når det gjeld strategiane som skal bygge opp under måla, har vi tatt med desse sitata frå punkt 6 og 9 som mest relevante for innspelet vårt:

Dyrka og dyrkbar mark, kulturlandskap, kulturmiljø og naturmangfald skal sikrast. Kommunen skal arbeide for å ivareta dei kulturhistoriske verdiane knytt til vassdraget.

Kulturminneplanen

Frå Kulturminneplanen vil vi gjerne sitere frå innleiingskapitlet:

Kulturminna fortel oss om korleis regionen vår har blitt til. Det kan danne grunnlaget for korleis vi vel å gå vidare i dag. Vår lokale historie er med på å forme vår kollektive forståing for kven vi er, og dermed vår identitet.

Kulturminneplanen har tre satsingsområde, og det første er *Vern gjennom forsvarleg bruk*. Frå dette kapitlet vil vi gjerne sitere første avsnitt:

Kommunen sitt ansvar for faste kulturminne er å sikre freda kulturminne gjennom arealplanlegging, samt å ivareta nyare tids kulturminne utan vernestatus, som er viktig for lokalsamfunnet.

Vidare frå dette kapitlet:

Det særmerkte med Bø og Sauherad er dei mange kulturlandskapsområda med jordbruksareal. Kulturlandskapa med eplehagar, kornmarker og eldre tun, representerer ein viktig del av landskaps- og kulturhistoria for kommunane våre. Enkelte av desse områda vert ivaretatt gjennom spesielle bestemmelser eller retningslinjer i kommuneplanane sin arealDEL, og definert som «viktige kulturlandskap».

Viktige kulturlandskap for Bø og Sauherad; Nesodden, Evju Bygdetun, Sauherad kyrkje, Liheia, Bøhaugen/Nordbø, Forberg, Jønneberg, Bø prestegard, Gvålåhaugen og Stoklandsheia. Viktige kulturmiljø er regulert til bevaring gjennom lokale reguleringsplanar. Dette gjeld området som Oterholt, Meieriet i Bø, Skoghaugen, Gamlegata i Gvarv, Årnes brygge og Hørteverket.

Hovudmål for dette satsingsområdet er :

Kommunane skal ivareta viktige kulturmiljø og kulturminne.

Tiltaksplan for Bø kommune

NR.	Tiltak	Oppgåve	Ansvar	Finansiering	Periode
1	Korleis forvalte og formidle kunstverk i offentleg eige og «kunsthistorien» inn i den nye kommunen?	Gjennomføre innleiande møter og gjennomføre forstudie.	Kultursjef Bø og kultursjef Sauherad.	Eige arbeid	2017
2	Formidling av kulturminne verna etter PBL	Registrere kulturminner verna etter plan og bygningslova i Askeladden, slik at desse er synlege på nett for publikum.	Kommunalsjef teknisk	Eige arbeid	2017
3	Forbedre nettsida	Opprette side med informasjon til eigarar om kulturminne og stønadsordningar.	Kultursjef	Eige arbeid	2017
4	Gjennomgang av bygninger og bygningsmiljø som er verna etter plan- og bygningslova.	Vurdering av verna bygninger og byningsmiljø sin tilstand og verneverdi, samt vurdere om andre bygninger og bygningsmiljø er aktuelle som verneverdige etter plan og bygningslova.	Kommunalsjef teknisk	Føreset ekstern finansiering.	2018
5	Gjennomgang av kulturlandskap	Verdisetting av viktige kulturlandskap, og vurdere vern – eksisterande og behov for nytt vern, basera på RMP ¹ -prioriteringa.	Landbruksjef	Føreset ekstern finansiering.	2019

¹ Fylkesmannen i Telemark sitt Regionalt miljøprogram har verdisett og vurdert viktige kulturlandskap for hele fylket.

Tiltaksplan for Sauherad kommune

NR.	Tiltak	Oppgåve	Ansvar	Finansiering	Periode
1	Korleis forvalte og formidle kunstverk i offentleg eige og «kunsthistorien» inn i den nye kommunen?	Gjennomføre innleiande møter og gjennomføre forstudie.	Kultursjef Bø og kultursjef Sauherad.	Eige arbeid	2017
2	Formidling av kulturminne verna etter PBL	Registrere kulturminner verna etter plan og bygningslova i Askeladden, slik at desse er synlege på nett for publikum. Samarbeid med historielag.	Kommunalsjef teknisk	Eige arbeid	2017
3	Forbedre nettsida	Opprette side med informasjon til eigarar om kulturminne og stønadsordningar.	Kultursjef	Eige arbeid	2017
4	Gjennomgang av bygninger og bygningsmiljø som er verna etter plan- og bygningslova.	Vurdering av verna bygninger og byningsmiljø sin tilstand og verneverdi, samt vurdere om andre bygninger og bygningsmiljø er aktuelle som verneverdige etter plan og bygningslova.	Kommunalsjef teknisk	Føreset ekstern finansiering.	2018
5	Gjennomgang av kulturlandskap	Verdisetting av viktige kulturlandskap, og vurdere vern – eksisterande og behov for nytt vern, basera på RMP ¹ -prioriteringa.	Landbruksjef	Føreset ekstern finansiering.	2019

¹ Fylkesmannen i Telemark sitt Regionalt miljøprogram har verdisett og vurdert viktige kulturlandskap for hele fylket.